

Foreldreinfo august 2024

FAU/SU

Etter ny opplæringslov skal SU og SMU (samarbeidsutval og skulemiljøutval) bli slått saman og heite SU. Dette etter lokal forskrift i Bjerkreim kommune vedteken av kommunestyret. Hildegunn Gjødrem er ny FAU-leider på Bjerkreim skule.

Første møte i FAU var 26.aug, referat finn de på [heimesida](#).



Sykkelløype

Denne veka var Gunn Rita Dahle Flesjå på besøk. Ho hadde med seg nokre elevar frå 6. og 7.trinn som viste ho rundt i nærområdet for å sjå på korleis elevane ferdast i trafikken på Bjerkreim. Etter ei runde i nærområdet hadde ho kurs for dei ansatte om korleis me kan lage kjekke opplæringsløyper rundt i nærområdet. Me håper å ha desse klare til våren.



Foto: MHS

Skulefotografering

19.september kjem Lima Foto og tek bilete av alle elevar og vaksne på skulen. I etterkant vil de få ein mail der de blant anna kan bestille skolekatalogen.

Hovudluskampanje veke 35

FHI oppmodar alle familiar til å vere med i den nasjonale halvårlege aksjonen mot hovudlus helga i veke 35. De finn meir informasjon på FHI si [heimeside](#).

Skulefrukt

Etter vedtak i kommunestyret får alle elevar no tilbod om gratis frukt kvar dag på skulen.

Les om klagerett og korleis du går fram i skulemiljøsaker her:

NULLMOBBING

NO

Hei, og velkomne til et nytt skuleår på Bjerkreim skule.

Kjekt å ha alle elevane tilbake på skulen. Me har hatt ein god oppstart med nye og gamle elevar, og denne veka har alle elevane vore på bli-kjent tur.

Noko som er nytt i år er at alle elevane har fått ein ny time på timeplanen, *Saman for meistring timen*. I denne timen jobbar me med å bygga gode klasse miljø med fokus på inkludering, respekt, toleranse og rausheit.

I år vil eg senda ut månedsbrev til føresette, håper at de syns det er kjekt, og at det gir dykk anledning til å fylla godt med på det som skjer på skulen.

Mvh

Karen M. Ollestad

rektor



Foto:RO